

Sak 07/26

Val

1. Val av styre

Bakgrunn

Årsmøtet i 2025 gjorde følgjande val:

- Leiar: Elisabeth Sundt (vald for 1 år)
- Nestleiar: Kenth Rune Teigen Måren (vald for 2 år, ikkje på val i 2026)
- Økonomiansvarleg: Audun Thorvaldsen (vald for 2 år, ikkje på val i 2026)
- Styremedlem: Hanne Sæbø (vald for 1 år)
- Styremedlem: Magni Flyum (vald for 2 år, ikkje på val i 2026)
- Varamedlem: Marit Varpe Kaasen (vald for 1 år)

På val i 2026:

- Leiar (veljast for 1 år)
- Eitt styremedlem (veljast for 2 år)
- Varamedlem (veljast for 1 år)

Valnemnda legg fram si innstilling i møtet.

2. Val av valkomité

Regionlaget skal ha valkomité som førebur val til årsmøtet 2027.

Årsmøtet skal velje:

- Leiar (1 år)
- 1–2 medlemmer (1 år)
- Eventuelt varamedlem (1 år)

Styret legg fram forslag til valkomité i møtet.

3. Delegatfordeling årsmøte 2027

Bakgrunn

Regionstyret vedtok i sak 03/26 ein fast modell for delegatfordeling basert på geografiske medlemsområde og 100-modellen:

- 3 faste delegatar per medlemsområde
- 1 ekstra delegat per påbegynte 100 medlemmar utover dei første 100
- Regionleiar har stemmerett i tillegg

Modellen vart teken i bruk frå årsmøtet 2026.

Den inneber ei auke i talet på delegatar samanlikna med tidlegare praksis og gir betre samsvar mellom medlemstal og representasjon.

Landsmøtet i Human-Etisk Forbund har vedteke rammer for delegatfordeling nasjonalt. Dette påverkar ikkje regionen direkte, men modellen harmonerer betre med dei nasjonale prinsippa.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet vedtek at delegatfordeling til regionårsmøtet skal skje etter følgjande modell:

1. Delegatfordeling knytast til geografiske medlemsområde fastsette av regionstyret.
2. Kwart medlemsområde får 3 faste delegatar.
3. I tillegg får medlemsområdet 1 ekstra delegat per påbegynt 100 medlemmar utover dei første 100.
4. Regionleiar har stemmerett i tillegg til delegatane.

Modellen gjeld frå og med årsmøtet 2027.

4. Val av revisor

Bakgrunn

Human-Etisk Forbund har innført nye krav til revisjon i organisasjonen. Lag med årleg omsetning mellom 1 og 5 millionar kroner skal ha oppnemnt eigen frivillig revisor. Dette er nytt samanlikna med tidlegare praksis.

Valnemnda har ikkje hatt revisor i sitt mandat denne perioden, og det ligg derfor ikkje føre innstilling til årsmøtet.

Forslag til vedtak:

Regionårsmøtet gir styret fullmakt til å oppnemne frivillig revisor for regionlaget innan 2. oktober 2026.